



Ulf Peter Lundin
Rishaugane 2 A
5911 ALVERSUND

Referanser:

Dykkar:

Vår: 16/1699 - 16/14739

Saksbehandlar:

Benjamin Hicks

Benjamin.Hicks@lindas.kommune.no

Dato:

01.06.2016

Mogleg ulovleg tilhøve - Førespurnad om utgreiing - gbnr 137/292 Alver

Saka gjeld

Lindås kommune er gjort kjend om forhold som kan vere i strid med plan- og bygningslova 2008 (pbl.) på gnr 137 bnr. 292 i Lindås kommune. Forholdet gjeld masseutskifting, fjerning av jord og tipping av steinmasser, innan område avsett til LNF-område i kommunedelplanen for Knarvik-Alversund. Vi har fått opplyst om det er planar om å utføre sprengingsarbeid mot bustadtomtene i sør.

Vår vurdering

Vi kan ikkje sjå at det er søkt om tiltak på eigedomen. Vi gjer merksam på at kommunen ikkje har teke stilling til om det arbeidet som er utført per dags dato er eit brot på plan- og bygningslova.

Vi gjer også merksam på at innan område avsett til føremålet LNF er det ikkje tillate å utføre arbeidar som ikkje er i samsvar med arealføremålet:

«I desse områda er det berre tillate å føre opp bygningar og anlegg som er nødvendig for drift av primærnæring og for natur- og friluftaktivitetar. Til stadbunden næring vert ikkje rekna: Utleiehytter/campinghytter, bygningar for fabrikkmessig produksjon, naust, stølar, gjetarhytter, jakt- og fiskebuer, når desse ikkje har direkte tilknytning til næringa. Det same gjeld vesentlege inngrep i terrenget, veganlegg og parkeringsplassar som skal handsamast etter plan- og bygningslova. Plan- og bygningslova § 20-4, 1. ledd nr. 2. §§ 9 og 12 i jordlova og § 50 i skoglova gjeld i LNF-område.»

Det er med andre ord ikkje lov å foreta masseutskifting eller utføre andre terrengarbeider, herunder sprengingsarbeider. Vi føreset at eventuelle planlagte arbeider på eigedomen vert utsett.

Førespurnad om utgreiing

Vi ber om at de sender oss opplysningar de meiner er relevant for tiltaka. Dokumentasjon kan sendast til postmottak@lindas.kommune.no eller til Lindås kommune, Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø.

Tilbakemelding

Post

postmottak@lindas.kommune.no
Dokumentsenteret
Kvernhusmyrane 20, 5914 Isdalstø

Kontakt

www.lindas.kommune.no
Telefon +47 56 37 50 00
Telefaks +47 56 37 50 01

Konto 3201.05.89311
Org.nr. 935 084 733



